



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	976 726 413
Organisasjonsform:	Stiftelse
Foretaksnavn:	STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM
Forretningsadresse:	5970 BYRKNESØY

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2022 - 31.12.2022
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Morselskap i konsern:	Nei
-----------------------	-----

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Tone unneland
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	21.03.2023

### Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 30.06.2024



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		96 206	105 671
Anna driftsinntekt		3 979	449
<b>Sum inntekter</b>		<b>100 185</b>	<b>106 120</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		27 810	1 817
Lønnskostnad	2	35 784	38 271
Annan driftskostnad		101 123	49 747
<b>Sum kostnader</b>		<b>164 717</b>	<b>89 835</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-64 532</b>	<b>16 285</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		1 032	201
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 032</b>	<b>201</b>
<b>Netto finans</b>		<b>1 032</b>	<b>201</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-63 500</b>	<b>16 486</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-63 500</b>	<b>16 486</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-63 500</b>	<b>16 486</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Sum anleggsmiddel		0	0
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundekrav		3 155	1 305
Sum krav		3 155	1 305
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande		311 998	376 337
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		311 998	376 337
Sum omløpsmiddel		315 153	377 642
SUM EIGEDELAR		315 153	377 642
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		304 171	367 671
Sum opptent eigenkapital		304 171	367 671
Sum eigenkapital		304 171	367 671
Sum langsiktig gjeld		0	0
<b>Kortsiktig gjeld</b>			



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Leverandørgjeld		3 471	3 035
Skuldige offentlige avgifter		3 997	3 256
Anna kortsiktig gjeld		3 513	3 256
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>10 981</b>	<b>9 547</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>10 981</b>	<b>9 547</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>315 152</b>	<b>377 218</b>



## Brønnøysundregistrene

### ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 572383

#### Enheten

Organisasjonsnummer: 976 726 413  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM  
5970 BYRKNESØY

#### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

#### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

#### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av  
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

#### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Tone unneland  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 21.03.2023

#### Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.  
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 11.07.2023



Organisasjonsnr: 976 726 413  
STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM

## RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		96 206	105 671
Anna driftsinntekt		3 979	449
<b>Sum inntekter</b>		<b>100 185</b>	<b>106 120</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		27 810	1 817
Lønnskostnad	2	35 784	38 271
Annan driftskostnad		101 123	49 747
<b>Sum kostnader</b>		<b>164 717</b>	<b>89 835</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-64 532</b>	<b>16 285</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		1 032	201
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>1 032</b>	<b>201</b>
<b>Netto finans</b>		<b>1 032</b>	<b>201</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-63 500</b>	<b>16 486</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-63 500</b>	<b>16 486</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-63 500</b>	<b>16 486</b>



Organisasjonsnr: 976 726 413  
STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM

## BALANSE

<u>Beløp i: NOK</u>	<u>Note</u>	<u>2022</u>	<u>2021</u>
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Innmaterielle egedelar</b>			
Sum anleggsmiddel		0	0
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Krav			
Kundekrav		3 155	1 305
Sum krav		3 155	1 305
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande		311 998	376 337
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		311 998	376 337
Sum omløpsmiddel		315 153	377 642
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>315 153</b>	<b>377 642</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital		304 171	367 671
Sum opptent eigenkapital		304 171	367 671
Sum eigenkapital		304 171	367 671
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		3 471	3 035
Skuldige offentlege avgifter		3 997	3 256
Anna kortsiktig gjeld		3 513	3 256
Sum kortsiktig gjeld		10 981	9 547
Sum gjeld		10 981	9 547
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>315 152</b>	<b>377 218</b>





Organisasjonsnr: 976 726 413  
STIFTINGA GULEN FISKARBONDEMUSEUM

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

## Note

Tal på årsverk i regnskapsåret  
0.10

Sum	Beløp
Balanseført verdi 31.12.	Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

## Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikke er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap	Årets	Fjorårets
--------------------------------	-------	-----------

Samla beløp - føretak i samme konsern	Årets	Fjorårets
---------------------------------------	-------	-----------

Samla beløp - føretak i samme konsern	Årets	Fjorårets
---------------------------------------	-------	-----------

Samla beløp - felles kontrollert verksemd	Årets	Fjorårets
---	-------	-----------

Pantstillingar	Beløp
----------------	-------

Behaldning av egne aksjar	Tal på aksjar Pålydande	Andel av aksjek.
---------------------------	-------------------------	------------------



## VESTLAND REVISJON

### Kommunalt Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde  
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA  
E-post: [postmottak@vestrev.no](mailto:postmottak@vestrev.no)

Bankkonto 3705 40 64838  
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**  
Mobilnr. 908 74 388  
E-post: [asgeir.tveit@vestrev.no](mailto:asgeir.tveit@vestrev.no)

Styret i Gulen Fiskarbondemuseum  
v/styreleiar  
Ånneland 148  
5977 Ånneland

Dykkar ref.:  
Rekneskap 2022

Vår ref.:  
Amne

Arkivkode:

Journalnr.:  
011/2023

Dokumentdato:  
24.02.2023

### MELDING FRÅ REVISOR

#### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Gulen Fiskarbondemuseum som viser eit underskot på kr. 63.500,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

#### Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

#### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards of Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg, og har oppfylt dei andre etiske pliktene i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjon i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer ikkje informasjon i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapen, eller om årsmeldinga framstår som vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så



Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal gjevast etter gjeldande lovkrav

#### *Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til framleis drift og opplyse om tilhøve av betydning for framleis drift. Føresetnaden om framleis drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg av verksemda vil bli avvikla.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, anten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden i årsrekneskapen er føremålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knyta til hendingar eller forhold som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til framleis drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer



- vesentleg usikkerheit, krev det at vi i revisjonsmeldinga har merksemd på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller forhold kan likevel medføre at selskapet ikkje held fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med styret, mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

#### Utsegn om andre lovmessige krav

##### *Konklusjon om forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektene elles.

Med helsing

  
Aud Marit Nyland Eide  
finansiell revisor/utøvande revisor

#### **VESTLAND REVISJON**

##### **Kommunalt Oppgåvefelleskap**

e-post: [aud.marit.nyland.eide@vestrev.no](mailto:aud.marit.nyland.eide@vestrev.no)

Kommunehuset, 6957 HYLLESTAD

Tlf: 57 61 26 46

Mob: 992 35 216



- *Vestlandsk fiskarbondetun frå 1800-talet*
  - *Samling av historiske gjenstandar og skrifter*
  - *Stifting sidan 1995*
- telefon: 97783701  
konto: 3705 05 96584  
E-mail: [post@gulenfiskarbøndemuseum.no](mailto:post@gulenfiskarbøndemuseum.no)  
Organisasjonsnr. 976726413

## ÅRSMELDING 2022 GULEN FISKARBONDEMUSEUM.

Endeleg kunne vi ha Fiskarbodedag igjen.

Ungdomsskule-elevane på Byrknes skule hadde fiskarbondedag torsdag, 09.06. og fredag, 10.06. Veret var ikkje det beste, men både slåttarbeid, baking, fiske og sløyving gjekk unna.

Laurdag, 11.06. vart det ordentleg Fiskarbodedag igjen med matserving og masse gjesterr.

Sesongen varte frå 11.06.2020 til laurdag 03.09.2020, då me avslutta med kaffi, kaker og trekking av loddboka. Ytre Gulen Husflidlag arrangerte marknadsdag på museumsområdet laurdag 27.08.

Opningstida har vore kvar laurdag frå 14.00 til 17.00.

Vi har hatt 2 bussbesøk i år: 36 stk, og alle 4 turlaga i Gulen besøkte oss i oktober: 37 stk. Tone Ekerhovd som jobber med Gulatinget var på besøk med 2 kunstnere. Dei jobber med Nasjonaljubileet og ønska samle inspirasjon til Gulen sitt bidrag.

Samla sett har me seld 161 vaksenbilletter og 26 barnebilletter denne sesongen.

Strilen skreiv ein flott artikkel om Gjest Baardsen sin redningsdåd på Byrknes i mars for 200 år sidan. På Fiskarbodedagen hadde vi journalistbesøk av Sissel Tove Litzheim og fekk ein fin presentasjon i Ytre Sogn avis. Erna sendte inn artikkel og bilete til Strilen som kom på trykk veka etter.

Styret har avvikla 4 styremøter 28 saker er handsama.

### Før sesongstart

Vi hadde dugnad på museet 23.-25. mai med reingjering og rydding ute og inne. Plakat for sesongen vart laga av Toralf. Arne-Jakob fekk hjelp av Erene og Ingunn til å sjå på trea og sage ned dei greinene som var dårlegast.

### Saker vi elles har arbeida med:

- Infofoldaren for Ytre Gulen
- Fiskarbondedag i samarbeid med Byrknes Skule.
- Utstillingar
- Omvising



- Reperasjon av taket i jordkjellaren, innlevering av vindauga til reperasjon hos Ove Losnegård, maling av våningshus, utedo, eldhus og naust. Reperasjon av naustdøra.
- Loddbok og heftesal.
- Marknadsdag saman med Ytre Gulen Husflidlag 27.08.22.
- Sesongslutt med loddtrekning 3.09.22.
- Generasjonstreff i regi av Ytre Gulen Sanitetslag 7.12.22

## Nærare om ein del av desse punkta:

**Info-brosjyre om Ytre Gulen** blei delt ut i alle postkassar her, og distribuert rundt til butikkar, bedrifter og andre stadar der folk ferdast. Info-brosjyra er ei viktig inntektskjelde for museet. Men den er og særskild arbeidskrevjande å lage.

## Fiskarbondedeprosjektet.

Fiskarbondedeprosjektet til skulen vart gjennomført torsdag og fredag. Laurdag kunne vi endeleg ha Fiskarbondedag igjen. Vi hadde 60 betalande vaksne og 15 betalande born på åpningsdagen. Det var også mange born under skulealder på besøk, dei kom inn gratis. «Mott i brøstet» sto for musikken. Torill var konfransier. Æresgjest var Valborg Gulbrandsen som er omtala i det nyeste heftet vårt: Fiskarbondeliv. Erna intervjuar Valborg og ho fortalte smått og stort frå oppveksten på bruket. Terje sto for fiskekakesteikinga i år, Britt hadde laga fiskesuppa og den ovnsbakte fisken. Ungdommane laga lapper og hjalp til der det var behov.

## Utstillingar.

Hege Hjartholm laga til utstilling med bestemora Gunhild Lid sine rosemålingar. Gunhild var ein multikunstnar og laga i tillegg skinnarbeid, svararbeid, teikningar og måleri. Ho var politisk engasjert og skreiv ofte innlegg i avisene. På fritida skreiv ho dikt. Ho heldt også kurs i rosemåling.

I Vevrommet hadde søskenborna Kjersti og Sylvi Teigen utstilling. Sylvi sine velkjente, vakre akvareller og keramikk-lysestaker og Kjersti sine nydelege kopper og fat med motiv av Byrknes-bygningar inkludert fiskarbondemuseet.

Begge utstillingane vakte begeistring hos dei besøkande.

Museet får 10% av salsinntektene.

## Omvising.

Me hadde same ordning som i fjor. Mange av våre ungdommar hadde fått seg jobb andre stader, så vi hadde Andrea Hjartholm tok dei fleste laurdagane. Erling Skåre Vik-Mo hadde 1, resten vart fordelt på Terje, Bjørn og Tone.

## Marknadsdag

Laurdag 27.8.22 nytta Ytre Gulen Husflidlag museumsområdet og naboegedomen til å arrangere marknadsdag. Det var boder med sal av husflidsprodukter og heimelaga mat. Servering av fiskemat i sjøbua. Husflidlaget tok seg av all planlegging, men museet var også delaktig i arrangementet. Erna stod for hefte- og vaffelsal, medan Tone og Sunniva koka kaffe og steikte vafler. Dette var inntekter som gjekk til museet.



## Sesongslutt

Laurdag 3.9.22 var det sesongavslutning og trekning av loddbok på museet. Museet spanderte kaffe og kake på billetten.

## Generasjonstreff

Onsdag 7.12.22 inviterte Ytre Gulen Sanitetslag til generasjonstreff på Fløskjeret kafé. Dette er eit samarbeid mellom museet og sanitetslaget. Første treff vart arrangert av sanitetslaget. Erna inviterte skule-elevar frå Byrknes skule og besteforeldre av desse og elles andre som ville ha glede av eit slikt treff. Åse Kvernøy fortalte om korleis det var å flytte heimifrå som 7-åring for å gå på skule og bu på Mjømna. Elevane fekk stille spørsmål til Åse etterpå. Matsserveringa besto av koldtbord og deretter kaffe med nogo attåt. Nesten 50 gjester kom.

## Tilskot og gåver

Me fekk kr 15 000 i driftstilskot frå Gulen kommune og 12 000 for å dekke utgifter til linoljemaling.

Vi har fått kulturmidlar frå Gulen kommune på kr 5000,- til Fiskarbondedeprosjektet:

Stiftelsen UNI har løyva kr 41 250,-. Fakturaen frå Ove Losnegård kom på 55 000,-. Bilete og dokumentasjon er sendt inn til UNI og vi har bedt om å få dei løyva pengane utbetalt.

## Vedlikehald, som er utført dette året:

Rydding av uteområdet, småreparasjonar på bygningsmasse, reparaasjon av taket i jordkjellaren. Arne-Jakob har mala våningshus, utedo, eldhus og naustet. Trea utanfor våningshuset vart «pynta» på og dei største greinene saga ned. Ingunn og Erene sjekka tilstanden på trea. Treet nærast våningshuset er i dårleg tilstand, så det må vi følgje med på. Vindauga på sørveggen vart tatt ut, restaurert og satt inn att av Ove Losnegård. Arne-Jakob hjalp til og lånte stillas frå Gulen kommune. Alle trinna på Byrknes Skule har eigne undervisningsopplegg- og oppgåver knytt til muséet. I dette inngår bl.a. stell av blomsterbed, planting av nye blomster, førsteslått og hesjing.

## Andre inntekter:

Heftesal kr 25130,-

Infofaldaren ga ei inntekt på kr 11 100,-

Loddboka kr 10 000,-

I tillegg fekk vi inn kr 2061,- i Grasrotmidlar.

Andel av marknadsdagen arrangert av Ytre Gulen Husflidlag: 4 518,- (hefte- og vaffelsal)

## Femte hefte i vår skriftserie på Stabben forlag

Erna Osland har arbeidd hardt med heftet om Valborg. Valborg vaks opp på museet og har gitt oss verdifull informasjon om historia både til området og husa. Heftelansering var 11.6. på Fiskarbondedagen. Vi solgte 24 hefter den dagen.

Heftet er også meint å vere eit hjelpemiddel for omvisarane.



## Styret har i 2022 vore samansett slik:

- Tone Unneland, styreleiar
- Torill Birknes, nestleiar
- Erna Osland, styremedlem
- Arne-Jakob Areklett, styremedlem
- Erene Wilberg, kommunen sin representant
- Vara: Terje Nikøy og Toralf Moan Teigen
- Tone Unneland, dagleg leiar

Rekneskapen blir ført av Normann Grimen. Den blir revidert av Vestland Revisjon KO, Førde. (Kommunerevisjonen)

Innleigd museumshandverkar er Arne-Jakob Areklett.

Nærare informasjon om økonomiske disposisjonar vil ein finne i rekneskapen.

## Verksemda si art og lokalisering

Stiftinga "Gulen Fiskarbondemuseum" driv museumsarbeid, samlar inn historiske gjenstandar og skrifter, arrangerer ymse kulturarrangement og samarbeider med Byrknes barnehage og skule om formidling av lokalhistoria vår. Me har ope museum med omvising i sommarmånadane, juni, juli og august.

Stiftinga er lokalisert til Barvågen på Byrknesøy i Gulen kommune.  
Besøksadresse er: Søre Garden 17.

**Rettvisande bilete.** Årsrekneskapen gjev etter styret si meining ei rett oversikt av utviklinga og resultatet til stiftinga. Den viser og korleis den økonomiske stoda til stiftinga er.

## Fortsatt drift

Ein meiner føresetnadane for framleis drift føreligg. Styret og dagleg leiar må i tida framover sjå nøye på kva mogelegheiter som føreligg for auka inntekter/reduerte utgifter. Årsrekneskapen for 2022 er sett opp under denne føresetnaden.

## Arbeidsmiljø

Det har i 2022 ikkje vore sjukemelding blant selskapet sine tilsette. Det er styret si oppfatning at arbeidsmiljø og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god. I år 2022 har det ikkje vore arbeidsulykker eller skadar.

## Ytre miljø

Ein er ikkje kjend med at selskapet påverkar det ytre miljø negativt.

Ånneland, 10.02.2023

Tone Unneland



-styreleiar -



## Stiftinga Gulen Fiskarbondemuseum Notar til Rekneskap 2022

### Note 0 :Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

### Note 1: Stiftinga Gulen Fiskarbondemuseum

Stiftinga Gulen Fiskarbondemuseum er ei ikkje -næringsdrivande, sjøleigande stifting.

Stiftinga har difor ikkje skatteplikt.

Føremålet er å samle historiske gjenstander og skrifter, samt gjennomføre kulturmonstring o.a.

### Note 2 : Lønskostnad, tal tilsette, lån til tilsette, m.m.

#### Lønskostnader

	2022	2021
Løn og feriepengar	32289	34603
Arbeidsgjevaravgift	3423	3668
Sum	35712	38271

Det har vore 1 tilsett i 2022 med 10 % stilling i 12 månader. Det har elles vore innleigd tilfeldig arbeidshjelp gjennom året.

Det er ikkje betalt honorar til styret.

#### Spesifikasjon av kostnad til revisor.

Honorar revisjon 9375,00 kr